



Arkivnr: 2015/841-8
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.08.2015

Høgskolen i Bergen - Nytt val av eksterne styremedlemer

Samandrag

Fylkestinget gjorde i møtet 9.juni 2015 sak 55/2015 vedtak om val av to styremedlemer med varamedlemer til styret for Høgskolen i Bergen. Det vart vald to kvinner som styremedlemer og to menn som varamedlemer.

Av Universitet og høyskoleloven § 9-4 - *Valg og oppnevning av styret* går det fram at ein ikkje ser samansetjinga av heile styret når det gjelder kravet til kjønnsbalanse. Ein deler styret inn i ulike grupper og disse må kvar for seg tilfredsstilla kravet til kjønnsbalanse og kravet etter likestillingslova. Den gruppa som gjelder fylkeskommunen sitt val har 4 representantar og det må då velgjast to av kvart kjønn. Når fylkeskommunen skal oppnemna to medlemer må difor begge kjønn vere representert.

Valperioden er 4 år frå 1. august 2015.

Det valet som er gjort her er såleis ikkje i tråd med lov om Universitet og høyskoleloven og likestillingslova. Det må på denne bakgrunn gjerast nytt val slik at desse krava vert ivareteke. Kunnskapsdepartementet har bede om at saka vert teke opp att og at ein gjer nytt val.

Forslag til vedtak

Nytt val for Høgskolen i Bergen.

Til styret for Høgskolen i Bergen oppnemner fylkesutvalet for 4 år med verknad frå 01.08.2015:

Medlemer

1.
2.

Varamedlemer

1.
2.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 17.07.2015

Fylkestinget gjorde i møtet 9.juni 2015 sak 55/2015 vedtak om val av to styremedlemer med varamedlemer til styret for Høgskolen i Bergen. Det vart vald to kvinner som styremedlemer og to menn som varamedlemer.

Frå møteprotokollen går det fram slikt vedtak:

Til styret for Høgskolen i Bergen oppnemner fylkestinget for 4 år med verknad frå 01.08.2015:

Medlemer

1. *Mona Røsvik Strømme*
2. *Torill Selsvold Nyborg*

Varamedlemer

1. *Jostein Ljones*
2. *Sveinung Valle*

I brev av 18.juni 2015 frå Kunnskapsdepartementet er det gjeve slik tilbakemelding på valet:

"Oppnevningen av styremedlemmer og varamedlemmer er ikke i tråd med likestillingslovens bestemmelser om kjønnsbalanse, jf. lovens § 13 og presiseringen i vårt brev 21. 01. 2015 om at oppnevningen må være i tråd med likestillingsloven.

Nytt styre skal fungere fra 1. august 2015. Departementet ber derfor om at Hordaland fylkeskommune raskt behandler saken på nytt og oppnevner ett medlem av hvert kjønn med personlig varamedlem til styret for Høgskolen i Bergen."

Av Universitet og høyskoleloven § 9-4 - *Valg og oppnevning av styret* går det fram at ein ikkje ser samansetjinga av heile styret når det gjelder kravet til kjønnsbalanse. En deler styret inn i ulike grupper og disse må kvar for seg tilfredsstilla kravet til kjønnsbalanse og kravet etter likestillingslova. Den gruppa som gjelder fylkeskommunen sitt val har 4 representantar og det må då velgjast to av kvart kjønn. Fylkeskommunen må då oppnemna sine to medlemer slik at begge kjønn er representert.

Kunnskapsdepartementet har bede om at saka vert teke opp att og at ein gjer nytt val.

Det valet som er gjort her er såleis ikkje i tråd med lov om Universitet og høyskoleloven og likestillingslova. Det må på denne bakgrunn gjerast nytt val slik at desse krava vert ivareteke.

Regelverk for val og styret sine oppgaver

Universitets- og høgskulelova § 9-4 omhandlar val og oppnemning av styret. § 9-4 nr. 6 lyder:

«(6) Forslag til eksterne styremedlemmer og varamedlemmer for disse, fremmes at institusjonens styre. Det samme gjelder forslag til styreleder når rektor er ansatt. For kunsthøgskolene fremmes forslag av høyskolens styre og av Norsk kulturråd. Sametinget oppnevner på fritt grunnlag to av de eksterne styremedlemmene og personlige varamedlemmer for disse ved Samisk høgskole. Fylkeskommunene oppnevner på fritt grunnlag to av de eksterne styremedlemmene og personlige varamedlemmer for disse ved de øvrige statlige høyskolene. Departementet oppnevner på fritt grunnlag øvrige eksterne medlemmer og personlige varamedlemmer for disse for fire år. For institusjoner som har ansatt rektor, utpeker departementet styreleder blant de eksterne medlemmene, jf. § 9-3.»

Styremedlemmene vert oppnemnde for 4 år og ny periode tar til 1. august 2015.

For Høgskolen i Bergen oppnemner fylkeskommunen to eksterne medlemer med varamedlemer.

Departementet har gitt føringer for oppnemningsprosessen og høgskulane si nominering av kandidatar til styreverv. I brev til statlige høgskular skriv departementet i brev av 19.01.2015 m.a.:

«1. Styrets oppgaver og ansvar

Styret er høyskolens øverste styringsorgan, og departementet understreker betydningen av styrets overordnede og strategiske rolle for utviklingen av institusjonen.

Gjennom universitets- og høyskoleloven har institusjonene vide fullmakter, og styret er gitt selvstendig ansvar for strategiutvikling og planlegging. Styret skal føre tilsyn og har ansvar for at de økonomiske ressursene disponeres etter forutsetningene for tildelte bevilgninger. Styret fastsetter institusjonens interne organisering og har derigjennom et ansvar for løpende å vurdere om organiseringen er hensiktsmessig sett i forhold til institusjonens egenart, fastsatte strategier, utfordringer og muligheter.

Styrets arbeid med planer og prosesser konkretiseres i dets arbeid med budsjettforslag og vedtak om disponering av tildelt bevilgning. De overordnede forutsetninger og forventninger til sektoren og institusjonene fremkommer blant annet i de årlige budsjettproposisjonene (Prop. 1 S) og i departementets tildelingsbrev til den enkelte institusjon.

Gjennom oppnevning av eksterne styremedlemmer er det et mål å få tilføre styrene et bredere spekter av kompetanse og erfaring, med impulser fra næringsliv og kultur- og samfunnsliv. Ekstern styrerepresentasjon skal på bredt grunnlag ivareta samfunnets interesser og bidra til å styrke samspillet mellom institusjonene og sentrale bruker- og interessegrupper.

Institusjonens styre fastsetter selv ledelsesmodell og sammensetningen av styret. Vi ber om at institusjoner som endrer ledelsesmodell eller sammensetning, melder fra til departementet om dette så raskt som mulig etter vedtak.

2. Nominering av eksterne styremedlemmer overfor Sametinget og fylkeskommune

Forslag til eksterne styremedlemmer og varamedlemmer for disse, fremmes av institusjonens styre. Det samme gjelder forslag til styreleder når rektor er ansatt.

Sametinget oppnevner på fritt grunnlag to av de eksterne styremedlemmene og personlige varamedlemmer for disse ved Samisk høgskole. Fylkeskommunene oppnevner på fritt grunnlag to styremedlemmer og personlige varamedlemmer for disse ved de øvrige statlige høyskolene som skal ha nytt styre fra 1. august 2015.

Departementet oppnevner på fritt grunnlag øvrige eksterne medlemmer og personlige varamedlemmer for disse for fire år. For institusjoner som har ansatt rektor, utpeker departementet styreleder blant de eksterne medlemmene.

Kunnskapsdepartementet ber høyskolene fremme likelydende forslag (jf. nedenfor) til departementet og henholdsvis Sametinget og aktuell fylkeskommune innen 1. mars 2015.

Departementet ser behovet for et godt samarbeid og informasjonsutveksling mellom høyskolene og Sametinget/fylkeskommunene om nominering og oppnevning av eksterne styremedlemmer. Dette brevet sendes derfor i kopi til Sametinget og aktuelle fylkeskommuner som grunnlag for etablering av slik dialog i prosessen som nå skal startes opp for nominering av oppnevning av nye styrer.»

Etter universitets- og høgskulelova § 9-4 skal høgskulane fremme forslag på eksterne styremedlemmer. Det ligg føre forslag frå Høgskolen i Bergen.

Fylkeskommunen skal etter same regel oppnemna «på fritt grunnlag to av de eksterne styremedlemmene og personlige varamedlemmer for disse». I brev 21.01.15 til Sametinget, aktuelle fylkeskommuner og Oslo kommune skriv departementet m.a.:

«Oppnevningen må være i tråd med likestillingsloven. Vi viser for øvrig til at lovbestemmelsen om at styremedlemmene oppnevnes på fritt grunnlag betyr at også andre enn de nominerte fra institusjonene kan vurderes som aktuelle for vervene.»

Høgskolen i Bergen har nominert desse kandidatane:

Aina Margrethe Berg, Managing Director, Uni Research
Anne Sissel Faugstad, Viseadm.dir., Haukeland Universitetssjukehus
Anne Gine Hestetun, Adm.dir, Stor-Bergen Boligbyggelag
Anne Grethe Strøm-Erichsen, Managing Partner, Rud Pedersen Public Affairs Company Norge
Arne Bengt Riple, sjølvstendig næringsdrivande innan leiing
Arne Franck-Nielsen
Arvid Nøttvedt
Filip Rygg, Rådgjevar, Skaparkraft Consulting
Svenn-Åge Dahl, Adm.dir. Samfunns- og næringslivsforskning AS, NHH
Mimi Bjerkestrand, Rektor, Slettebakken skole
Sissel Østberg, Fyrsteamanuensis, avd. for seniorkompetanse, HiOA